

Prosjekt- og utviklingsmidler

Sluttrapport DebattVoss og Mitt Afrika (Ref #d2caff4d)

Tildelt beløp: **25 000**

Varighet: **Ettårig**

Kategori:

Opplysninger om søker

Organisasjonsnavn / nr

Voss bibliotek / 960510542

Evangervegen 6

5704 Voss

www.vossbibliotek.no

Institusjonens leder

Inger Dyrnesli

Ansvarlig kontaktperson (søker)

Inger Dyrnesli

56519470 / inger.k.dyrnesli@voss.kommune.no

Mål for prosjektet

Målet med debattane er at Voss bibliotek ynskjer å vera ein aktiv og synleg organisasjon som er med på å setja dagsorden i bygda

Målet med den afrikanske veka var å formidla afrikansk litteratur, film og anna kultur for å spreia kunnskap og glede. Me ville gje eit breiare bilete av Afrika enn det som vanlegvis kjem fram i media.

Rapportsammendrag

Rapport Afrikansk veke og DebattVoss

Den afrikanske veka vart avvikla i veke 6, 2015. På grunn av at me måtte flytta programmet frå hausten 2014 til våren 2015 (på grunn av flaum), vart det nokre endringar. Utstillinga « Frie ytringar frå Somalia» ved teikneseriekunstnar og fribyforfattar Abdullahi Muhiaddin gjekk ut. Det same gjorde Sør- Afrika –kvelden. Det var viktig for oss å ha arrangementet ei veke som passa for vaksenopplæringa, som har vore den viktigaste samarbeidspartnaren vår. Det var få som deltok på trommekurset, kanskje fordi det var ein laurdag føremiddag. Mange deltok på dansekurset. På den afrikanske dagen kom det born frå barnehagar, grunnskular og vidaregåande skule. Elevane på norskopplæringa hadde utstilling av bilete og kler og serverte mat frå Somalia i kafeen. Dei hadde også mini-språkkurs og høgtlesing på norsk og andre språk. I tillegg viste dei ein film om Eritrea (laga av ein tidlegare elev)og dansar frå ulike land. Dette var svært vellukka. Det var elles varierande oppmøte på filmane me viste. Biblioteket hadde utstilling av bøker om Afrika og av afrikanske forfattarar. Utanom skuleelevane kom det få lokale på arrangementa. Sør- Afrika –kvelden ville nok trekt fleire av desse. Me håpar å kunna arrangere den til hausten. Arrangementet vart marknadsført gjennom annonsar i avisa Hordaland og i vårprogrammet for Voss kulturhus. I tillegg sende me informasjon til skular og barnehagar. Programmet var også omtalt i avisa Hordaland og dei hadde stor

Prosjekt- og utviklingsmidler

Sluttrapport DebattVoss og Mitt Afrika (Ref #d2caff4d)

fotoreportasje frå dansekurset.

Programmet vart slik:

Mitt Afrika - Afrikansk veke i kulturhuset

Laurdag 31.01.

kl. 12.00

Trommekurs med Asbjørn Sundal

kl. 14.00

Afrikansk barnefilm: Kirikou og trollkvinnen

Onsdag 4.2

Afrikansk dag

kl. 9.30 – 12.00

Kulturinnslag frå Etiopia, Eritrea, Somalia, Nigeria

kl. 11.30

Voss Røde Kors sel mat i kaféen

kl. 12.30

Afrikansk film

The gods must be crazy

Fredag 6.2.

kl. 11.30 - 13.30

Kurs i afrikansk dans med Abu Adonaba

kl. 14.00

Film:

Mitt Afrika

Kultursalen ,gratis

Rapport frå Debatt Voss

Voss bibliotek har hatt desse debattane saman med debattVOSS hausten 2014

og våren 2015:

Sosial dumping

Torsdag 25.september kl. 19.00

Etisk handel

Torsdag 20. november kl. 19.00

Kampen om skulen

Tysdag 3.mars kl. 19.00

På grunn av eit aktivt program i biblioteket og fleire debattar saman med andre aktørar, bestemte me at det var nok med tre debattar i samarbeid med debattVOSS i denne perioden.

Debattane har vore marknadsførde med annonsar og omtalar i avisa Hordaland, facebooksider og nettsider og i programheftet til Voss kulturhus. Det har vore varierende oppmøte frå 12 – 35 personar på kvar debatt.

På debatten om skulen hadde me også samarbeid med Utdanningsforbundet Voss, dei gav også økonomisk støtte. Elles har innleiarane vore personar som stort sett har stilt opp gratis som ein del av jobben sin. DebattVOSS har dekkja ein del av dei andre utgiftene og biblioteket ein del.

Økonomi:

Biblioteket fekk 25 000.-kr i tilskot. Me har hatt om lag 20 000.-kr i utgifter og har såleis 5000.-kr i overskot. Me ynskjer å bruka desse pengane som tilskot til debattar eller ein afrikansk kveld i 2015.

Prosjekt- og utviklingsmidler

Sluttrapport DebattVoss og Mitt Afrika

Start- og sluttdato for prosjektet

Prosjektvarighet	Fra dato	Til dato
Ettårig	01-09-2014	01-03-2015

Samarbeidspartnere

Organisasjon/institusjon	Formell avtale	Rolle
debattVOSS Alf Jansen 5710 Skulestadmo	nei	Planlegging og gjennomføring av debattar i samarbeid med biblioteket
Voss vaksenopplæring og logopedi Evangervegen 6 5704 Voss	ja	Hovudsamarbeidspartner for afrikansk veke. Planlegging og gjennomføring av aktivitetar saman med biblioteket, kulturhuset, kinoen og Voss Røde Kors.

Vedleggsoversikt

Beskrivelse

Prosjektregnskap